

Ola Larsen Sletten

Nedskriverens navn	Gudbjørg Sørhagen
Adresse	Lom
Fødselsår	1923
Fødested	Lom

Er det egne opplevelser som skildres? Nei

Fortellerens navn	Ola Larsen Sletten
Adresse	Garmo
Fødselsår	1883
Fødested	Garmo

Og han fortel: Eg har haft eit flakkasamt og trølsamt liv. Eg er fødd 1. Oktober 1883 på Frisvold i Garmo. Mor heitte Marit Garmosurda, ho var fødd 1855 og døydd 1944. Ho tente all sin dag, kan eg mest seia. Garmosurda var husmannsbruk under oppigard Garmo. Far var frå Gausdal. Dei var ikkje gifte. Eg veit ingen ting om han. Eg var med mor og tente. Og det fyrste eg hugsar var mor sæter budeie på Byrtnes også garden Garmostrødet da var eg 3 ½ år. Mor måtte gå etter kyrne. Eg låg og sov da ho reiste og ho læste meg inn. Eg vakna og tok til å skrika, eg ville ut og finna mor, men døra var læst. Eg krabba meg bort i senga att. Og der skreik eg så eg hadde ikkje godt av det. Det var ikkje greit å vera slike ungar den tida. Da eg var 5 år var mor budeie hjå Berthil Aukrust. Det var ikkje kjerring der den gongen. Frå der kom vi til nordigard Marstein til Anne og Hans Soglo. Anne og Hans var snille folk, eg var som deira eigen gut. Der kom eg saman med Jørgen Bråten, han var leigda der. Han hadde det godt på Marstein. Han var svært huga til å driva jakt og fiske den gongen og, og det fekk han lov til. Eg gjekk fyrste året på skula medan vi var på Marstein. Eg gjikk til Ulstad og læraren heitte Rudser. (Nedskrivaren skal her fortelja at ho og gjikk i skule hjå Rudser.) Han var svært snill mot meg, men ein gong måtte eg stå i skam kroken, men så tok eg til å gråta og da fekk eg setja meg att.. Etter at eg tok til på skulen helt vi om vinteren for det meste til på søre Botten i Lia, der hadde vi eit lite rom. Og mor dreiv spinning, binding og plaggsauming for å livberga oss. (Plagg er den kvite skjorta som kvinnfolka bruker til bunaden. Det var ikkje mykje mor hadde for arbeide sitt, men vi greidde oss så vi slapp å gå på forsorga. Noko oppfostrings bidrag frå far hadde mor aldri. Om sumrane var ho mor sæter budeie no og. Ein sumar på ei sæter som heitte Breidablikk i Skjåk. Der opplevde eg noko av kvart. På den sætra låg det mykje folk da som heldt på med vegarbeid over Strynsfjellet og mor hadde med seg ei gjente til å hjelpa seg. Ein dag var det borte nokre geiter, og gjenta og eg skulle i veg og leita etter dei. Som vi gjikk der på snaufjellet fekk eg sjå ei tilspikka trespildre som stod ned i jorda. Eg tok ho opp. Med det same vart det som den sterkaste torslått, da det var slutt vart det slik ein klang, mest som dei skulle slege på ein koparkjele i fjellet rett under oss. Vi vart redde og tok spranget heim att. Da vi kom heim utan geit, vart dei forundra, men da vi tala om kva vi hadde sett og hørt skratta dei berre til oss og trudde ikkje noko på det, og det vart ikkje sett etter noko, før eg vart vaksen, da fekk eg med meg ein og reiste nordpå der, men det var medan snøen låg og vi fann ikkje staden att. Men om sumaren reiste eg dit att åleine, og fann staden om natta. Eg tenkte eg ville legja meg og sova til det vart dagen. Om morgonen var eg heilt "døgervill" og tok feil retning og fannikkje staden att. Eg har enda tenkt att eg skulle vori der att, for det heiter at frå gamalt attende

skulle ein mann frå Skjåk ha funni noko metall i fjellet der. Og ein såg vel at det var grave der eg tok opp stikka.

Da eg var konfirmert bar det til å tena på eiga hand. Det er to gardar som heitter Botten, og fyrste året etter eg var konfirmert var eg tri dagar i veka på kvar av dei gardane for 50 øre dagen. Men så kom eg til Frisvold og der hadde eg 60 kroner året og ferdige klæde. Men så tok eg til å køyra posten får han Jo Frisvold. Eg køyrde med hest. Fyrst så køyrde eg til Fossberga og tok med meg posten frå der og køyrde til Vågåmo. Det var Jo Haugen, onkelen til nedskrivaren som var poståpnar på Fossberga den tida. Eg køyrde posten i 4 år og eg hadde 130 kroner året. Eg var væpna med revolver, men han hadde eg ikkje bruk for nokon gong. Ei natt møtte eg eit taterfylgje sudmed Vågåvatnet. Då sat eg med revolveren i handa, men dei tala ikkje til meg ein gong. Ei natt om hausten 1905 måtte eg ut med mobiliseringsordre. Men da eg køyrde opp over Rådsbakken til Graffer den natta var eg redd. Det var belgmørkt og regna så det hølga. Men eg kom da heilskinna frå det den gongen og. Rådsbakken heiter så for di at da Skjåkværane og Lomverane i 1612 skulle til Kringen og møte Skottane, stana dei der i Rådsbakken og rådslo om kvad ei skulle gjera, det heitest at dei vart forlikte om å snu heim att . Men bakken vart heitande Rådsbakken.

Ved nyttår 1906 flytte eg til Klones. Det var ikkje skule der den tida. Eg hadde 160 kroner året der, og enda var eg på eksisen i 72 dagar. Eg var på Klones i 3 ½ år.

Medan eg var på eksisen, det var enda i pinshelga, tok eg etter kvinnfolka ei natt. Eg fekk 1 døgn arrest for det.

Frå Klones kom eg til Lyde, og på Vågå. Der hadde eg 25 kroner månaden. Eg var der berre ein vinter, men eg har heile tida angra på at eg fløtte frå der att. Ho mor hadde da fløtt til ei stugu dei kalla Øyastugu, og eg gav meg til med henne, og dreiv på dag leiding gardane i millom for ei krone dagen. Men så kom eg til Hans Brimi. Han hadde butikk og eg låg i ferdvegen for hanom i mange år, og køyrde vare frå Otta med hest. Eg brukte 3 dagar på einslik tur og eg hadde ei krone dagen. Eg tapte pengar på det, for når ein var mange i fylgje og ein skulle spandera kaffe eller øl gjekk daglønna og meire til.

Om vinteren hende det ofte at ein leid mykje vondt i kalde og uvær og dårlig føre. Og ofte når vi kom til Otta måtte vi liggja i stallen, det var ikkje losji og få.

I 1924 vart eg gift med Gunhild Randa. Ei tid helt vi til i ei stugu på Frisvoll, og ei tid, 4 år var det foreisten, var vi på Vesle Odda. Vi fekk 6 born, 3 av dei er døde nå. Men så vart kona mi sjuk og måtte på sjukhus og eg vart da mykje heime med borna. Og med det tok elendigheita til. Da ho kom heimatt fekk eg meg ikkje noko arbeid att, og eg vart nødd til å gå på forsorga. Det var ein tung veg å gå. Og vi fikk berre så vidt at det slang med mat og klær. Og attpå alt var det vondt på alle måter og ikkje kunne greia seg sjølv. Verst var det med hus. Men 18 år sidan fekk eg eit lån med komuna som garantistor så eg fekk meg opp dette huset som vi nå er.

Og da krigen kom fekk eg meg vedhogging og tømmerhogging, og nå er det inga sak.

Kona ho Gunhild fortell: ”Eg er fødd 27-2-1898. Foreldra mine var Ingrid Jonsdatter og Hans Randa. Eg var den fjerde av 6 sysken og mor døydde da eg var 6 år. Den minste han Knut var 1 1/2 år. Far lever enda, han bur på Lalm og er 87 år nå. Rander er på Øvergrenda på Strond og var den gongen husmannsbruk under Stamstad. Fyrste året etter mor døydde var det ei som heitte Tarø Klepp og så bestemor hjå oss og vi hadde det godt da, men så gifta far seg opp att og da var det forbi med dei gode dagane. 9 år gamal kom eg bort å tena, eg kom til Synstad til Mari og Johan Larsen som ”barnepike” der hadde eg det svært godt. Da eg var 11 år fekk eg meg innegjentepost på Sjurgard det skulle eg ha mat og klæde får. Eg veit eg var med i fjøset og mjølka og renska før eg gjekk på skulen, og ville eg gjera leksene mine måtte eg gjera det i skinnet frå skorsteinen om kveldane etter at eg var ferdig med det andre

arbeidet. Den sumaren eg gjekk for presten var eg i Nyøygarden i Lia, og for heile det året hadde eg 30 kroner året og fulle klær. Men så kom eg til Sjurgard att som budeie, da hadde eg 50 kroner året og fulle klær. Eg låg mest ikkje andre stader enn i fløset medan eg var ung, du veit budeiene låg i fjøset.

Da eg var gift og Ola vart arbeidslaus dreiv eg borte att på dagarbeid på vask og baking og liknande. Eg hadde 2 kroner dagen, men det var ikkje rare greier. For 8 menneskjer. Ja det var slit og strev, men nå er ungane som vi har att vaksne og vi har det godt.